



Notat

Dato: 11.12.2018
Arkivsak: 2018/7835-3
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Beredskap for stengte tunnelar i sone nord - E39.

På møte i fylkesutvalet 20.09.2018 stilte representanten **Mona Røsvik Strømme** (H) slikt spørsmål.

Hvilke tiltak blir satt i gang ved stengte tuneller ved uforutsatte hendelser, ulykker/tekniske problemer på Nordre innfartsåre E-39.

Hvor egnede er disse omkjøringsveiene?

Svar på spørsmålet

Hendingar på veg handterer Statens vegvesen til ei kvar tid.

Statens vegvesen har beredskap døgnet rundt. Det er beredskap på tre ulike nivå.

Nivå 0: Normalsituasjon med byggeleiar for driftskontrakt for området Stor Bergen i ordinær arbeidstid. Byggherrevakt utanom ordinær arbeidstid.

Nivå 1: Situasjonar der vær, føre eller andre særskilde hendingar gjer det naudsynt med å forsterke beredskap i høve til beredskapsplan for hendingar på veg

https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/publikasjoner/VD+rapport/_attachment/519118?ts=140e2fb03a0&fast_title=VD_28_Beredskapsplan_for_driftskontraktene.pdf.

Nivå 2: Avdelingsdirktør i vegavdelinga vurderer forsterking av linja og om naudsynt døgkontinuerlig drift

Vegeigar skal utarbeide beredskapsplanar for alle vegtunnelar som er registrert som særskilte brannobjekt etter brannvernlova § 22 og krav gjeve i Retningslinje R511 Sikkerhetsforvaltning av vegtunnelar.

- Beredskapsplanen sin del 1 - generell del - er lik for alle tunnelar i Regionen. Beredskapsplanen sin del 2 – spesiell del - er utarbeida for kvar einskild tunnel.
- Generell del, spesiell del og vedlegg, utgjer til saman komplette beredskapsplan for tunnelen.

I driftskontrakten for Stor-Bergen 1202, har SVV trafikkberedskap ved stengte tunnelar langs E39. Trafikken vert leda langs Fv267 fra Øyjorden til Eidsvåg og vidare til Hesthaugen i Åsane der ein kan køyra inn på E39. Når Eikåstunnelen er stengt, kan vegen over Vikaleite nyttast til omkøyning.

Det er likevel slik at enkelte hendingar gjev ulemper.

Når tunnelar langs E39 i Bergen Nord er stengt, er Fv 267 rundt Eidsvågneset omkøyingsveg. Her er vegen skilta med parkering forbode. Det er skilta med to-sidig skilt i kvar ende. Ved hendingar vert driftsentreprenøren innkalla via VTS eller byggeleiar/byggherrevakt utanom normal arbeidstid.

Driftsentreprenøren skal ha tilstrekkelig materiell med skiltvogner, sperremateriell og mannskap til å få leda trafikken inn på den aktuelle omkøyingsvegen.

Ved planlagt vedlikehald og oppgradering er trafikkavikling ein viktig del av gjennomføringa. Tunnelarbeid vert gjennomført på natt nettopp for å kunne ha eit ope, trygt og tilgjengeleg vegnett på dagtid.